

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget ønskjer ei styrking i det førebyggjande arbeidet mot mobbing. Det må setjast i verk tiltak for å betre kunnskapen om mobbing blant elevar, foreldre og lærarar.»

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

- (a) I kvalitetsmeldinga for 2016 framgår det at oppfølgingstenesta ikkje får kontakt med 7 % av elevane som skal ha oppfølging. Fylkesrådmannen vert beden om å gjennomføra tiltak slik at ein kan garantera at alle elevar vert kontakta og får eit tilbod dersom dei ynskjer det.
- (b) Kvalitetsmeldinga viser til at eit betydeleg tal elevar og lærlingar seier dei vert mobba av vaksne i skulen eller på arbeidsplassen sin. Fylkesrådmannen vert beden om å komme tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis handteringa av denne alvorlege utfordringa kan forsterkast.»

### Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kvamme sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Kvamme sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget tek *Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17* til orientering.
2. I kvalitetsmeldinga for 2016 framgår det at oppfølgingstenesta ikkje får kontakt med 7 % av elevane som skal ha oppfølging. Fylkesrådmannen vert beden om å gjennomføra tiltak slik at ein kan garantera at alle elevar vert kontakta og får eit tilbod dersom dei ynskjer det.
3. Kvalitetsmeldinga viser til at eit betydeleg tal elevar og lærlingar seier dei vert mobba av vaksne i skulen eller på arbeidsplassen sin. Fylkesrådmannen vert beden om å komme tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis handteringa av denne alvorlege utfordringa kan forsterkast.
4. Fylkestinget ønskjer ei styrking i det førebyggjande arbeidet mot mobbing. Det må setjast i verk tiltak for å betre kunnskapen om mobbing blant elevar, foreldre og lærarar.